



Nyttårskonsert med mange overraskingar, mellom anna Eva Megyesi si framføring av Strauss sin Radetzky Marsj for solo på orgel.

Med heile 14 innslag på nyttårskonserten i Uskedal kyrkje på måndag vil du også finna mange overraskingar,- artistar og framføringar du truleg ikkje har høyrte før. Det gjeld mellom anna framføringa av Radetzky Marsj av Johann Strauss sr., eit arrangement for solo på orgel. Marsjen vert spelt kvart år på Nyttårskonserten på TV frå Wien.

Komponisten Johann Strauss sr. (1800 - 1850) høyrer til den romantiske perioden. Han er kjend for hundrevis av valsar og marsjar. Tenk berre på valsen Den blå Donau. Polkamusikk høyrer også med til produksjonen hans. Johann Strauss sr. har særleg utmerka seg med at han laga dansemusikk for alle, ikkje berre for kongefamilien og rike.

På nyttårskonserten i kyrkja vil du i tillegg få høyra song av fire prestar, fiolin, saksofon, trompet, fløyte og korsong. Arrangøren ventar ei fullsett kyrkje.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal